



Telepost 1/2010 Oslo 13.1.2010

## ***Gode Telelagsvener!***

Godt nytt år!

Som de kan sjå av referatet gjekk årsmøtet m/ val stille og roleg for seg. Styret blei attvald med Kent som ny varamann. Velkommen til han. Stor takk til Wiil som nå gjekk ut av dansenemnda, Oddvar som gjekk ut av hyttenemnda og ikkje minst til Inger som etter mange år som leiar av dansenemnda har kasta inn handkleet. Arbeidsplanen for dette året gjev oss mykje å sjå fram til, mellom anna intensivkurs med Sigbjørn Rua 18. mars, vidaregåande kurs på Drøsum 23-25.april, 17. mai feiring som vanleg og mykje anna moro. Representantar frå styret var på eit "ide"-møte i BLS som tok opp korleis me kan lage et folkemusikkprogram som kan presenterast for turistnæringa, kongressar og andre interessera. Dette er eit opplegg heilt i startgropa på noko som kan vera til glede, fornøyelse (og kanskje litt arbeid) for alle. Har de idear eller tankar om slike arrangement er det berre å ta kontakt med styret. Me skal vidareformidle til rette instansar.

2010 startar me med øving som vanleg i Blåsalen i Nordahl Bruns gate den 14. januar klokka 20.00. Dere som ikkje har bruka danseskoa på ei stund kan berre riste dei litt og møte opp! Ein fin måte å halde varmen på nå i kulda.

Me sjåast,

Live

## ***Årsmelding for Telelaget i Oslo for meldingsåret 1. november 2008 – 31. oktober 2009.***

### **1. Styret, nemnder og medlemmer**

*Styret i Telelaget:*

Leiar	Sigrid Live Horn
Nestleiar	Arna Desser
Kasserar	Aasmund Sudbø fram til juli 2009 Haldor Soleng frå 10. sept. 2009 og ut året.
Skrivar	Lena Haugland Moen
Styremedlem	Karin Soleng

Varafolk Haldor Soleng fram til 10. sept. 2009  
Elin Daneid

*Dansarnemnd:* Inger Svendsen  
Karin Soleng  
Wiil Mørk

*Hyttenemnd:* Per Rinde  
Oddvar Walestrand

*Ettersynsnemnd:* Wiil Mørk  
Oddvar Walestrand

*Valnemnd:* Gunhild Tjønnåsdalen  
Gunnar Johnsen

*Medlemmer:*

Telelaget har 37 medlemmer, av desse er det tre heiderslagsfolk: Halvard Bergwitz, Magne Myhren og Joar T. Hovda.

### **2. Aktivitetar:**

Styret har landa på eit aktivitetsnivå omlag som det gjekk fram av arbeidsplanen frå årsmøtet 2008.

*Styrearbeid:*

Styret har halde 5 styremøte i meldingsåret, eit i november i 2008, to føre sommaren og to etter, i 2009.

*Teleposten:*

Det er kome 5 utgåver av Teleposten, desse er sende ut som e-post der me har hatt e-postadresser, elles har me nytta pengar til porto på dei resterande. Teleposten vert også lagt ut på heimesida til Telelaget.

*Heimeside:*

Telelaget si heimeside på internett med adressa: <http://telelaget.org> er i bruk til informasjon til medlemmar og andre interessera. Redaktøren vår, Haldor Soleng, har redigera og endra ein del på heimesida. Han har lagt ut bilete og videoar frå dei ulike tilskipingane dette året.

*Utsendingar:*

Live Horn møtte på leiarmøte i BLS Elles har ikkje Telelaget hatt utsendingar til årsmøta i BLS, NU, Det norske teatret, LfS eller Ørfiske vel.

*Øvingar/kurs:*

Det har vore 27 vanlege øvingar i meldingsåret. Øvingane har vore i Blåsalen. Me har hatt godt fram møte dette året. I samband med Landskappleiken var det fleire ekstra øvingar.

Vidaregåande kurs i teledans, særleg jentedans, vart halde på Drolsum 8.-10. mai. Som rettleiarar hadde me Rønnaug Larsen og Olaug Slåtta. Spelemann var Kenneth de Gala. God deltaking og deltakarane var særst godt nøgde både med rettleiing og spel.

Nybyrjarkurset i haust har gått over 8 kveldar, kvar øving på 90 minutt. Oppmøtet har ikkje vore så godt. Atle Tjønnås, Live Horn og Arna Desser har vore hovudrettleiarar med god hjelp av Oddvar Walestrand, Joar Hovda, og ikkje minst Inger Svendsen, dei andre i dansenemnda og styret.

Desse har spela til dans på øvingskveldane: Kenneth de Gala, Øystein Hovden, Vidar Lande, Gunn Kristin Aasen Leikvoll, Elisabeth Gaver, Huldraleiken og Kongsberg spel og dansarlag.

*Joleavslutning:*

Her var det Kenneth de Gala som spela og fortalde. På dei fint pynta borda blei det servera kaffi, skiver, kaker, frukt og seigfolk. Det var også utlodding av ymse gåver. Det var 28 betalande til stades.

*Telekveld:*

Det har vori arrangera ein Telekveld 12. mars, der Kjersti Smedstad song og Øystein Hovden spela til dans. Godt fram møte.

*Vårfest:*

I samband med vidaregåande kurs på Drolsum blei det arrangera Vårfest. Både Kenneth De Gala og Vidar Lande spela til dans.

*Folkedanskveldar:*

Det har ikkje vori folkedanskveldar med Teledans i dette meldingsåret. Dette har styret meint at laget ikkje har hatt kapasitet til

*Turar og kappleikar:*

Telelaget var også i år med på lagdansen på Landskappleiken, denne gongen på Geilo. Me blei nummer 22 av 31 lag, med springaren vår. Spelemann var Kenneth de Gala, som fekk prisen som beste dansespelemann.

Telelaget reiste til Tuddal i samband med bygdedagen 19. juli. Det var 7 personar med på turen, og seks dansa både på scena på bygdetunet og hos Knut Buen som skrytte voldsamt av oss.

Telelaget deltok med 5 par på Oslo-kappleiken i 2009. Mange frå Telelaget hjelpte til med arrangementet.

*Framsyingar:*

17. mai var mange teleglagsfolk med på dansinga på Akerselva Sykehjem, Kingosgate bo- og rehabiliteringssenter, Grefsenhjemmet, Cathinka Guldberg senteret og på Damplassen i Ullevål Hageby. Spelemannen Vidar Lande var med og gjorde framsyingane til eit fint innslag på høgtidsdagen. Dagen byrja hos Joar og blei avslutta heime hjå Inger og Oddvar.

7. juni var det Bygdelagsstemne på Bygdøy. 60-årsjubileum. det møtte ikkje mange frå Telelaget. (4stk), men me hadde god hjelp av to unge dansarar frå barnelaget og "tidlegare" medlemmar frå laget. Vidar Lande var spelemann. I år dansa me i Teletunet og det blei ein triveleg stund..

21. juni dansa dei 10 som var med på landskappleiken, på Union scene i Drammen.

19. juli dansa 6 stk. på Tuddal Bygdetun og på Amfiet hos Knut Buen i samband med bygdedagen

### *Brønnøysundregisteret*

Telelaget er registrera i Frivillighetsregisteret i Brønnøysundregisteret. Karin S. har ansvaret for alle oppdateringar i registeret, og me minner derfor om at endringar i styret må meldast til Karin.

Det same gjeld endringar av kontonummer for innbetaling til laget. Nåverande kontonummer er: 2699.41.78511.

Me er også registrera som lag i Norsk Tipping under grasrotandelen. Dei som spelar Lotto, Vikinglotto eller tipper, kan melde seg på grasrotandelen. Dette kostar ikkje noko ekstra, men 5 % av det du spelar for gjeng til det laget du har vald å støtte. Me vonar det er Telelaget! Telelagets organisasjonsnummer er: 993 913 308.

### **3. Eignelutar:**

#### *Hytta på Brenna:*

Lena Haugland Moen har nykelen..

#### *Hyttetomta på Ørfiske:*

Det har ikkje vore nokon aktivitet kring denne eigedomen i år. Nykelen til bommen er framleis lånt bort til Ørfiske vel som i staden har teke på seg dugnadsarbeidet i samband med eigedomen.

#### *Hardingfelene:*

Hardingfelene har ikkje vori på utlån i inneverande meldingsår.

Alle fire er no samla på ein stad.

#### *Videokameraet:*

Videokameraet til laget har kome attende og er lagra hos Live Horn.

#### *Det norske teatret*

Laget har 2 lutar i Det norske teatret.

### **4. Oppsummering:**

#### *Medlemstalet:*

Medlemstalet er omlag som det har vore dei siste åra, men framleis har styret funne det naudsynt å sletta medlemmer som ikkje har betalt medlemspengar før meldingsåret gjeng ut. Ein må difor kunne seia at laget også dette året har hatt ein høg aktivitet til å ha så få medlemmer.

## **Årsmøte i Telelaget 26. november 2009**

11 medlemmar møtte

### **Sak 1 Val av møteleiar og skrivar**

Haldor møteleiar.

Lena og Karin referentar

### **Sak 2 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Godkjend

### **Sak 3 Årsmelding 2009**

Ingen kommentarar til pkt 1.

Kommentar til pkt 2 – Teleposten kjem også ut på telelagets nettside. Elles mindre justeringar i ordlyden som er retta opp i årsmeldinga som ligg ved referatet

Lena rettar alle trykkfeil.

Pkt 3 – Forslag om utleige av felene. Me har tidligare hatt utleige av felene. Krav til leigetakar om å inngå ein kontrakt der dei forpliktar seg til å betala forsikring på fela, ansvar for strenger og syte for reparasjon av godkjent felemakar dersom naudsynt. Bør vurdere eit depositum

Pkt 4 – Leiaren las gjennom årsmeldinga

Årsmeldinga godkjend

### **Sak 4 Rekneskap 2009**

Haldor gjekk igjennom rekneskapet for 2009. Det er ca 15000 i overskot. Det kom inn eit framlegg om å auke kaffiavgifta på danseskeidane frå kr. 20 til 30. Forslaget blei nedstemd. Me har tidligare hatt 2 kontoar i Fokus bank. Alle kontoar er nå i Hjartdal og Gransherad sparebank. Rekneskapet er revidera og funnen i orden..

Rekneskapet er godkjend

### **Sak 5 Arbeidsplan 2010**

Leiaren las opp arbeidsplanen. Me freistar å halde eit 3 timars intensivkurs på våren, 18. mars. Kursleiar blir Sigbjørn Rua. Dersom det er mogleg, freistar me å skipa til vidaregåande kurs på Drolsum til våren og eit dansekurs for nybyrjarar til hausten slik me har hatt tidlegare. Forslag om utleige av felene vil bli lagt inn i arbeidsplanen.

Leiaren i laget vil i samband med Joar legge fram eit forslag til kontrakt for utleige av felene innan påske 2010. Arbeidsplanen godkjend

#### **Sak 6 Budsjet 2010**

Kasseraren gjekk gjennom budsjettet.  
Budsjettet vart godkjend med små endringar

#### **Sak 7 Val**

Gunhild og Gunnar er i valnemnda.  
Framlegg til styre og nemnder:  
Leiar: Live  
Styremedlemar: Haldor, Arna, Lena, Karin  
Varamedlemar: Elin, Kent (ny)  
Dansnemnd: Karin og Arna (ny)  
Hyttinemnd: Per  
Ettersynsnemnd: Wiil og Gunnar (ny)  
Valnemnd: Gunnar . Andreas blei foreslått, men han ynskja ikkje å vera med.  
Valnemnda sitt framlegg til styre og nemnder vart godkjend

Årsmøtet byrja kl. 20 og vart ferdig kl. 21.

### ***Styret har konstituera seg i møte den 07.01.2010.***

**Leiar** (valt på årsm.): Sigrid Live Horn

#### **Styremedlem:**

Nestleiar	Arna Desser
Kasserar	Haldor Soleng
Skriver	Lena Haugland Moen
Styremedlem	Karin Soleng

**Varamedlem:** Elin Daneid 1. vara  
Kent Johansson 2. vara

**Dansenemnd:** Karin Soleng  
Arne Desser

**Hyttinemnd:** Per Rinde

**Ettersynsnemnd:** Wiil Mørk  
Gunnar Johnsen

**Valnemnd:** Gunnar Johnsen

### **Framlegg til arbeidsplan for Telelaget i Oslo**

Meldingsåret 1.november 2009 – 31. oktober 2010

Det må i hovudsak vera det nye styret som finn fram til sine planar for arbeidet i laget. Me har difor fylgjande framlegg til arbeidsplan omtrent som i fjor:

#### Danseøving:

Det blir lagt til rette for at det skal haldast danseøvingar i telespringar og –gangar til levande spel kvar veke frå om lag 14. januar til 1. juni om våren og frå om lag 1. september til 1. desember om hausten.

#### Kurs:

Intensivkurs med hovudvekt på mannsdansen:

Det vil bli halde eit intensivkurs i Teledans med hovudvekt på mannsdansen på vårparten.

Nybyrjarkurs:

Det vil og bli freista og halde eit dansekurs for nybyrjarar, helst til hausten.

#### Vidaregåande kurs:

Dersom det er mogleg, må me freista å skipa til vidaregåande kurs til våren.

#### Utleige av hardingfelene:

Laget ynskjer at felene skal bli bruka og leiaren i laget vil i samband med Joar legge fram eit forlag til kontrakt for utleige av felene innan påske 2010.

Sosialt samvær:

Ein legg opp til ein "Telekveld" i kvart halvår der underhaldninga ligg i tråd med retningslinene for lagsarbeidet. Laget skipar og til eit Jolemøte i samband med avslutninga fyre jol.

Ein må og syte for at det er god høgde under taket slik at saker ein er usamde om ikkje øydelegg det miljøet ein ynskjer i laget.

Kapleikar og stemmer:

Laget deltek på kapleikar og andre samkomer som fell innanfor laget sitt arbeidsområde.

Framsyingar:

Laget freistar å få framsyingar slik at me kan stø opp under drifta av laget og

Som i tillegg gjev pengar og PR.

Rekruttering og vedlikehald:

Det er viktig at laget er ope og tek vel i mot nye medlemmer og at dei som har vore med stuttare eller lengre tid finn seg godt til rettes i laget. Laget må legge til rette øvingane slik at dei yngre også finn seg til rettes.

"Teleposten" må koma ut jamleg og sendast ut til andre lag og elles andre som me trur kan ha glede av det som står der.

Internettidene våre på <http://telelaget.org> og hjå Noregs Ungdomslag og Norsk Folkemusikkformidling må til ei kvar tid vera oppdatera.

Elles må ein syte for at dei som er innom i N.B. 22 fær kjennskap til det som skjer i laget.

Økonomi:

Styret må til ei kvar tid syte for at det som blir gjort og som krev økonomiske utlegg går i ballanse. Ein må og syte for at lagspengar, kursavgifter, brus og kaffipengar samt eventuelle honorar kjem inn og blir bokførde, det same gjeld alle utbetalingar. Vidare må ein syte for at ein til ei kvar tid overheld dei fristar som er for søknad om stønad frå Folkekulturfondet, Oslo Nye Sparbank sitt fond og andre stader der me kan få midlar frå.

Styret må og syte for at eigedomane til laget blir tekne vel vare på.

***Kva skjer frametter vinteren/våren?***

14.januar kl.20.00	Fyrste øving etter jol i Blåsalen
17.-21.februar	Rauland Internasjonale vinterfestival
23.-27.februar	Kongsberg marknadskapleik
23.-25.april	Vidaregåande kurs, Drolsum
23.-27.juni	Landskappleiken på Voss
6.juni	Bygdelagsstemnet
Siste halvpart av juli	Tuddalstemnet

***Kasseraren har ordet:***

Nå er tida komen for å betale medlemspengane att.

Medlemspengane for 2010 er 350 kr, og dei kan betalast inn til konto: 2699 41 78511

Telelaget i Oslo  
Nordahl Brunsgt. 22  
0165 Oslo

*Det er fint om du betaler medlemspengane snarast råd. Vår økonomi vert då meir oversikteleg og forutsigbar. Ver god å gje ei melding til kasseraren dersom du av ein eller annan grunn ikkje ynskjer å halde fram som medlem, slik at vi slepp å sende ut unødvendige purringar. Ver snill og meld om adresseendringar, nye telefonnr., og til deg som fer denne Teleposten i postkassa; har du E-postadresse, gje den til Telelaget au slik at me kan spare litt porto.*

E-postadresse til Telelaget er: [post@telelaget.org](mailto:post@telelaget.org)

Med helsing  
Styre og stell